

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014, FE-033	23/299

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

## Val av valutval

### Forslag til vedtak:

Formannskapet er valt som valutval for kommunestyreperioden 2023 - 2027

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Valutvalet(tidlegare valnemd) innstiller for kommunestyret når ein skal velje representantar til ulike styre, råd og utval. I tida med fleirtalsval var det tradisjon at valnemda var personidentisk med formannskapet, men valnemda har blitt valt i eit eige val under konstituerande kommunestyremøte. I samband med overgang til ny kommunelov har namnet på valnemd blitt endra til valutval i lovteksten.

I den nye kommunelova er det § 5-1 og § 5-2 nemnd kva for organ kommunen kan opprette som ein del av den politiske organiseringa av kommunen. Det er berre lov å opprette dei organa som er opplista i desse paragrafane. Nokre organa er kommunen pliktige å opprette. Dette gjeld partssamensett utval/administrasjonsutval, ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. Valutvalet innstiller representantar til desse organa som vert lagt fram for kommunestyret til handsaming og vedtak.

Valutvalet må ikkje forvekslast med valstyret. Valstyret sin funksjon er knytt gjennomføring av stortingsval og kommune-/fylkestingsval. Jf politisk organisering for Modalen, der det er definert at formannskapet er valstype

**Kommunestyret - 052/2023**

**KS - behandling:**

Samrøystes vedteke

**KS - vedtak:**

**Formannskapet er valgt som valutval for kommunestyreperioden 2023 - 2027**